



Dei vidaregåande skulane i Hordaland  
fylkeskommune

Dato: 14.12.2017  
Vår ref.: 2017/15888-39  
Saksbehandlar: johmeyer  
Dykkar ref.:

## **Situasjonen for tilsette elevinspektørar etter vedtaket i fylkestinget 13. desember 2017**

Ordninga med elevinspektør i stillingskode 795401 skal med grunnlag i fylkestingsvedtaket 13. desember 2017 fasast ut pr 1. august 2018. Alle som i dag er innplassert i undervisningsstilling med denne stillingskoden (795401 «elevinspektør») har rett på å halde fram i undervisningsstilling med annan nemning i Hordaland fylkeskommune frå og med same dato.

Ved overgang til annan stillingsnemning gjeld garantien som går fram av regelen om omplassering i hovudtariffavtalen kap 1 §3.4.1: Ved omplassering/overgang til lavere lønnet stilling i samme kommune ...pga. omorganisering..,skal arbeidstakeren beholde sin nåværende lønns plassering som en personlig ordning.»

Den einsskilde skule vil organisere det vidare arbeidet med elevtenesta innafor dei rammene som fylkesdirektøren for opplæring har gitt. Denne organiseringa kan gje ulike løysingar for dei einsskilde elevinspektørane. HR-direktøren vil ta del i dette arbeidet og vil sørge for at det vert gjort avtale om framtidig innplassering for dei det gjeld.

Vi ber rektor formidle kopi av dette brevet til elevinspektøren ved skulen.

Geir Davidsen  
HR-direktør

Johan J Meyer  
HR-sjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*